

# Info frå Konglomerat



## Hei og velkomen til nytt barnehageår på Konglomerat !

Ja så er vi godt i gang med eit nytt barnehageår. Dei første vekene har vi brukt til å bli kjent med kvarandre både små og store. Det er nye barn og nytt personale på avdelinga, og alle treng vi litt tid til å gjere oss kjente med daglege rutinar.

### Barnegruppa vår:

I år er vi 18 barn på Konglomerat. Ei fin barnegruppe som vi gleder oss til å dele mange fine opplevingar med!

Vi har fått 6 nye barn på avdelinga: Emilie som er heilt nye i barnehagen og Matilde, Karolina, Olai, Teodor og Sara som kjem frå Skifer. Velkommen til dei ☺! Barna som går på Konglomerat frå før er: Lea Sophie, William Matheo, Elise, Kenan, Rosa Marie, Bianka Marcelina, Steffen, Lykke Annabella, Claudia-Isabell, Thor, Victoria og Lisbeth Marie. Velkomen til eit nytt år til dei også !

### Personalet:

**Sonja:** Pedagogisk leiar 80% (jobbar tysdag, onsdag, torsdag og fredag)

**Aud Irene:** Barnehagelærer (på disp.) 100 %

**Anette :** Fagarbeidar 100 %

**Olaug :** Fagarbeidar 50 % (jobbar måndag, tysdag og annakvar torsdag)

**Christine:** Fagarbeidar 100 %

### Dagsrytme:

Barnehagen opnar kl. 06.45. Fram til frukost er det frileik på kjøkkenet og avd. Glimmer for alle barna. Kl. 08.00 går vi ned på Konglomerat og et frukost. Frukost er frå kl. 08.00 til kl. 8.30. Ca. 9.30 startar vi med samling/aktivitetar/uteleik. Måltid/lunsj ca. kl. 11.15/11.30. Etter lunsj har vi frileik/aktivitet. Vi roar ned med ulike bordaktivitetar, eller roleg leik på avdelinga. Ca kl. 14.00 et vi fruktmåltid og siste del av dagen er det frileik (stort sett ute) til barnehagen stenger kl. 16.15. Hugs å berekne god tid til henting slik at de er ute av barnehagen innan kl. 16.15.

Som de ser av dagsrytma er mykje av dagane prega av faste rutinar, som vi må følgje, for at kvardagen skal bli god for barna.

Det er likevel god tid til leik i løpet av ein dag. Leiken er barna sin viktigaste aktivitet og i leiken er det både utfordringar og læring for barna. Dei må blant anna lære seg å dele, kommunisere, vente på tur og vere greie med kvarandre. Vi vaksne skal vere nær barna heile tida, hjelpe og støtte dei i deira utvikling.



### **Møtetid**

Annakvar torsdag har Konglomerat avdelingsmøte frå kl. 09.00 – kl. 10.30, og annakvar måndag frå kl. 09.00 - kl. 10.30 har Granat møte. Når Konglomerat har møte er det vaksne frå Granat som er saman med barna.

Kvar onsdag og fredag kl. 09.30 – 13.30 er det førskulegruppe. I år er det 15 førskulebarn. Anette og Sonja er med på denne gruppa, saman med Trine frå Granat. Aud Irene og Christine er med dei andre barna. Etter kvart vil dei samarbeide ein del med Granat, og gjerne ha aldersreine leikegrupper på tvers av avdelingane.

### **Månadplan.**

Vi vil sende ut plan i byrjinga av kvar månad som seier litt om det vi skal jobbe med. Der vil vi og skrive litt om kva vi har gjort i månaden som er gått. Sjølv om vi set opp ein plan, er det viktig å poengtere at det kan komme endringar dersom det oppstår uforutsette situasjonar. Planen blir sendt på e-post.

### **Tørking og merking av kle**

Vi har ei utfordring ifht. å få tørka kleda frå dag til dag når det regnar. Dette er det dykk som foreldre som har hovudansvaret for. Regnkleda **MÅ** vrenkast for å tørke på innsida, støvlar/sko **MÅ** ut av regnbukser/dress og våte sko må heim til tørk fordi vi ikkje har kapasitet til det i barnehagen. For at barnet ditt skal ha gode opplevingar ute så treng dei kle som er rett til årstida og som er tørre og reine når vi kler på oss!

Vi minner og om at kleda og støvlar/sko må merkast med **barnet sitt namn**. Det er vanskeleg for personalet å finne eigar når det ikkje står namn, og barnehagen kan dessverre ikkje ta ansvar for det som ikkje er merka. På forhand tusen takk for hjelpa!

### **Garderobe**

Det er ikkje store garderobeplassen vi har, det er derfor viktig at vi hjelper kvarandre med å holde orden på den. Rett innanfor inngangsdør har barna fått kvar sin plass på skohylla. Der kan barna sette støvlar, dersom dei er tørre. Regnkleda heng vi på stativet, som står på tørkerommet eller i garderoben. I korgene i garderoben ynskjer vi at barna har tjukke sokkar, hue, vottar og varme kle til å ha under regnkleda/dress. Vi ser at dette er noko barna treng allereie. Sjekk at det er strikk under foten på regnkleda, slik barna slepp bli våte med ein gang det kjem ut.

Barna har kvar si korg med bytekleda (bukse, genser, sokkar, truse, stillongs/strømpebukse) på avdelinga. Dette må alltid barna ha ei barnehagen. Nokon blir ofte våte og treng gjerne ha to skift. Dersom barnet manglar ekstrakle, sender vi ein SMS om det, men sender vi heim noko ein dag er det naturleg at de tek med nytt neste dag.

### **Fokusområde dette året:**

Dette året skal vi ikkje ha noko nytt tema å arbeide med, men ha ein repetisjon på dei vi har hatt tidlegare. Vi har til no hatt 4 tema; Vaksenrolla og barns språkutvikling i leiken ute, samlingsstunda

som arena for målretta språkstimulering, språkstimulering gjennom lesegruppe og slå eit slag for vennskap. I september og oktober har vi fokus på «Vaksenrolla og barns språkutvikling ute».

### **BESTE PRAKSIS – avdeling Konglomerat, september og oktober 2019:**

Det er god kvalitet i det pedagogiske arbeidet for utvikling av språk i leiken ute når eg som vaksen:

- ❖ Hjelper alle barna til å ha nokon å leike med/vere med.
- ❖ Deltok i barna sin leik, forklarar handlingar, løyser uheimlegheit/konfliktar og hjelpe leiken vidare.
- ❖ Brukar rim og regler, song og bøker i lag med barna.

### **Planleggingsdagane barnehageåret 2019/2020:**

Fredag 16. august 2019  
Måndag 18. november 2019  
Torsdag 2. januar 2020  
Fredag 24. april 2020  
Fredag 22. mai 2020

Desse dagane er barnehagen stengt.

### **Foreldremøte i september**

Onsdag 25. september vert det foreldremøte i barnehagen. Invitasjon kjem, men set gjerne av datoen no ☺.

Foreldresamtalar har vi to gongar i året. På hausten blir det samtalar med kontaktperson til barnet, og til våren er det med pedagogisk leiar og barnehagelærar. Det er mogeleg å avtale samtalar utenom desse to – det er berre å ta kontakt med oss.

### **Telefonnummer til avdelinga**

Telefonnummeret til avdelinga er **91875865**. Fint om vi kan få beskjed dersom barnet kjem seinare ein dag, tek fri eller er sjuk. Send ei melding eller ring dersom de lurar på noko.

Hyllestad 5. september 2019.

Med helsing

Olaug, Christine, Anette, Aud Irene og Sonja



For meir informasjon om barnehagen, gå inn på:

<https://www.hyllestad.kommune.no/tenester/barnehage/>